



## RIKSADVOKATEN

Samtlege statsadvokatembete, også Økokrim

*Sendast berre på e-post*

DYKKAR REF.:

VÅR REF.:

2015/01777-020 BIS/ggr  
654

DATO:

15.06.2016

### **KRAVET TIL ORIGINALE ANKEERKLÆRINGER OG STØTTESKRIV**

Høgsterett har i orskurd 2. mai 2016 (HR-2016-00934-U, vedlagt) uttalt at ankar over orskurd om fengsling kan tas under behandling sjølv om retten ikkje har mottatt original underteikna ankeerklæring verken frå den sikta eller frå forsvarar, noko som påtalemakta i politiet og statsadvokatane må merke seg.

Riksadvokaten fastset at påtalemakta ikkje i noko tilfelle – anten det gjeld anke over orskurd, avgjerd eller dom – skal påstå at anker vert avvist på grunn av at det ikkje ligg føre original underteikna ankeerklæring. Heller ikkje skal krevjast at støtteskriv frå forsvarar ligg føre i original underteikna versjon. Det er tilstrekkeleg at nemnde dokument ligg føre som utskrift av skanna versjon eller som faks.

Ein ber om at politidistrikta vert underretta på formålstenleg måte.

Tor-Aksel Busch

Birgitte Istad  
statsadvokat

Vedlegg

Gjenpart (uten vedlegg): Høyesteretts kontor